



**ARSMELDING
BERGSØY I L
HANDBALLGRUPPA
FOR
SESONGEN
1989/90**

STYRET

Handballgruppa har i sesongen 1989/90 hatt dette styret:

Bodil Notøy	leiar
Terje Krogset	nestleiar
Kato Koteng	kasserar
Astrid Jensen	sekretær
Stig Vestnes	styremedlem
Unni Notøy	-
Olga Selvåg	-
Bente Yndestad	varamedlemar
Asbjørg Moen	-

I sesongen 1989/90 har styret hatt 12 møte, fram til årsmøtet i BIL, 24. nov. 1990. Tilsaman har styret handsama 51 saker.

MÅLSETJING

Målsetjinga for handballgruppa er også i år todelt, ei sportsleg og ei økonomisk målsetjing. Når det gjeld det sportslege, satsar vi på at både damelaget og herrelaget held plassane sine i 4.div. og 3.div. Dette er viktig for gruppa, vi vil gjerne behalde både spelarar og publikum.

Elles er det også eit mål å byggje vidare ut det sportslege nivået i klubben. Trenarforum, dommarforum og kurs er sentrale faktorar her. Vi satsar og på å auke interessa for gutehandball, med tanke på rekruttering på herresida. Eit ledd i denne satsinga er treningsleir for G14 og G16.

Den økonomiske målsetjinga i gruppa er balanse i rekneskapen. Gruppa arbeider aktivt og bevisst for å skaffe seg inntekter som kan dekkje dei reelle utgiftene. Vi ser det som sær viktig å kunne utføre arbeidet vårt på ein økonomisk forsvarleg måte, lån til driftskostnader er uaktuell økonomi. Elles ser vi som eit økonomisk mål, det å få nytt dekkje/golv i Herøyhallen. Handballgruppa vil nytte hallreklame-pengar til å dekkje sin del av eventuelle kostnader her.

SERIEN

Handballgruppa hadde 11 lag med i serien denne sesongen. Vi hadde 8 aldersbestemte lag med, 3 gutelag og 5 jentelag. Også denne sesongen hadde J12 og J14 både A- og B-lag. Vi har dessutan hatt ei stor minihandballgruppe.

På seniorsida hadde vi 3 lag, 2 herrelag og 1 damelag. A-laget på herresida kom på 8. plass i 3. divisjon, og laget beholdt dermed plassen sin i divisjonen. I noverande sesong har gruppa ikkje B-lag på herresida.

Damelaget spelte serien utan tap, og laget kunne rykke opp i 4. divisjon med 17 singlar og 3 uavgjorte kampar.

Andre serieresultat: J12A vann sin serie, J16 kom til sluttspillet med ein 2.plass i sin pulje.

SPORTSLEGE ARRANGEMENT

Handballgruppa har hatt ein aktiv sportsleg sesong, og gruppa har sjølv arrangert 3 cupar, 2 seniorcupar og ein cup for aldersbestemte lag.

Sommarcup-90 er ein ny seniorcup som vi arrangerte for andre gong, 16. og 17. juni. Det deltok 8 herrelag og 13 damelag. Sær glædeleg var det at vi fekk tildelt dommarsamling, med observatørar frå NHF og Trondheim handballkrets. Alle toppdommarane på Sunnmøre var innkalla. Nytt var også samarbeidet vårt med handballgruppa i Hødd IL, vi nytta Ulsteinhallen til cupkampar begge dagane. Rollon vann herreklassen, og Spjelkavik vann dameklassen.

Bergsøy G-sportcup 90 vart avvikla for 14. gong dette året. Turneringa var som vanleg i månadsskiftet aug./sept. 16 lag var påmelde, 8 herrelag og 8 damelag. Spjelkavik vann både dame og herre klassen.

8. og 9. sept. arrangerte vi Sparebankcup for 5. gong. Dette er ei turnering for aldersbestemte lag, gutar og jenter i alderen 14-16 år. 22 lag deltok, 8 gutelag og 14 jentelag. Stranda vann J14, J16 og G14 klassen. Ørsta vann G16 klassen.

DELTAKING PÅ TURNERINGAR

Dette å reise på cup er populært, og kvart år er det vanleg at både seniorlaga og dei aldersbestemte laga deltek på ein eller to cupar. Turneringsspel er utviklande for laga, både sportsleg og sosialt.

Minispelarane har vore med på 2 turneringar, i Ørsta og i Spjelkavik.

Spjelkavikcup vart arrangert i pinsehelga, 2. og 3. juni. Vi reiste med 6 lag, berre jenter. Vi hadde dessutan dommarar som deltok på turneringa.

På Rosecup i Molde, 9. og 10. juni, deltok vi med jenter og gutar 14-16 år. Her var og fleire dommarar med.

Seniorlaga har vore på 2 cupar kvar, på Tynset, Molde og Spjelkavik.

ANNAN SPORTSLEG DELTAKING

Bil-spelarar har også markert seg innan krets- og landslags-samlingar i år. Bodil Bø, Hanne Reite, Linda Frantzen og Vibeke Frøystad har vore med på kretslaget J14. Her har Ruth Frøystad vore med som trenar. Anniken Rønnestad er fast på kretslaget J16. Dessutan har ho og Bodil Bø vore i Trondheim på LUM-samling. Nils Christian Nørvåg har vore på landslagssamling i Sandefjord.

KURSDELTAKING SESONGEN 1989/90

Denne sesongen har 11 personar delteke på ulike A-kurs. 1 person har vore på B-kurs.

Som tidlegare nemnt er satsing på trenarar/dommarar eit av gruppa sine delmål. Denne sesongen døydde trenaren på herrelaget, Asbjørn Kilsti. Vi måtte inn med ei naudløysing for å berge laget sin divisjonsplass, og dommarparet Sif Kalvø og Maria D'Auria kom inn som hjelpetrenarar. 1.mai 1990 inngjekk vi samarbeidsavtale med Spjelkavik IL, om leige av den jugoslaviske trenaren Marijan Sedjak. Han har sidan nemnde dato, virka som trenar for dame og herrelaget, samt J16.

I sesongen 1989/90 hadde vi påmelde 10 dommarar-dommaraspirantar til kretsserien.

ØKONOMI

Gruppa har hatt ein variabel, men bra økonomi gjennom sesongen. Publikums-frammøte på herrekampane i 3.div. har vore godt gjennom heile sesongen, og det har gitt gode arrangementsinntekter.

Av nye inntekts-kjelder vil vi nemne lossing i slutten av sesongen. Seniorspelerane skal sjølve gjennom lossing og anna arbeid dekkje halvparten av kostnadane til ny trenar. Elles har vi fram mot ny seriestart fått auka sponsorsummen på draktreklame, både på herre- og dame-laget.

Inntektene våre elles denne sesongen:

Handballens Dag, 2 moteframsyningar, Sommarcup, Bergsøy G-sportcup, Sparebankcup m. diskotek, handballprogrammet, lynlotteria, reklame o.l.

Dessutan har handballgruppa sponsoravtale med Sparebanken Møre. Vi viser elles til rekneskapen som skal leggjast fram.

FORELDREFOREINING

Eldbjørg Eggesbø	leiar
Jorunn Kvalsund	nestleiar
Kristin Leine	sekretær
Guri Djupvik	styremedlem
Signe Nysæter	-
Linda Voldsund	-
Ellen Voldsund	-

Foreldreforeininga har vore med under dei fleste store arrangementa.

Styret i handballgruppa for 1989/90 vil rette ei stor takk til alle aktive spelarar, trenarar, dommarar, oppmenn, foreldrestyret, foreldre, sjåførar og andre som har hjelpt til, for den innsatsen dei har gjort denne sesongen.

Vi vil også takke Herøy kommune og begge skulane i området for den velvilje som er vist oss med hensyn til utlån av lokale m.m.

Ei stor takk til Herøy Kulturhus, m. vaktmeistrar og vaskepersonell, for godt samarbeid sesongen 1989/90.

Elles vil vi rette ei stor takk til forretningsstanden i Fosnavåg og på Eggesbønes for ei svært god støtte. Ei stor takk til bankane og næringslivet elles for godt samarbeid. Dei har alle vore gode støttespelarar ved annonsesponsing, draktspensing, kjøp av hallreklame og ikkje minst ved vår gevinst-tigging.

Til slutt vil vi rette ei ekstra stor takk til heimepublikumet vårt. Vi har ein fast og trufast gjeng som møter opp på dei fleste heimekampane våre !

Så vil vi ynskje det nye styret i handballgruppa lukke til med arbeidet vidare.

Fosnavåg, den 22.november 1990

Bodil Notøy
leiar

Astrid Jensen
sekretær

SERIRESULTAT SESONGEN 1989-90

SLUTTABELL HERRER 3. DIVISJON AVD. K:

1. Rollon	22	15	5	2	540 - 452	35
2. Charlottenlund	22	15	3	4	543 - 473	33
3. Wing	22	15	2	5	556 - 475	32
4. NTHI	22	11	3	8	540 - 496	25
5. Skogn	22	10	3	9	492 - 495	23
6. Volda	22	9	4	9	526 - 512	22
7. Ringen	22	8	6	8	515 - 507	22
8. Bergsøy	22	9	2	11	505 - 531	20
9. Sandnessjøen	22	9	1	12	518 - 488	19
10. Hovin/Støren	22	7	4	11	469 - 497	18
11. Bjugn	22	6	3	13	517 - 549	15
12. Malvik	22	0	0	22	402 - 648	0

ROLLON RYKKER OPP TIL 2. DIVISJON.

SLUTTABELL HERRER 4. DIVISJON AVD. 10:

1. Molde	16	15	1	0	505 - 271	31
2. Andalsnes	16	11	0	5	403 - 332	22
3. Kristiansund	16	9	3	4	387 - 337	21
4. Øyar	16	10	0	6	377 - 349	20
5. Ørsta	16	8	1	7	395 - 352	17
6. Spjelkavik	16	7	1	8	333 - 368	15
7. Volda	16	4	0	12	297 - 403	8
8. Bergsøy	16	3	1	12	321 - 417	7
9. Midsund	16	1	1	14	302 - 491	3

MOLDE RYKKER OPP TIL 3. DIVISJON.

TRENAR: Asbjørn Kilsti, Tor Sindre Steinsvik oppm.: A. Selvåg

Avdelingstabell pr. 26.03.90

SHK

Kvinner Senior

05.divisjon

avdeling

1	Bergsøy	20	17	3	0	452 - 266	37
2	Skarbøvik	20	15	2	3	440 - 298	32
3	Stranda B	20	14	0	6	419 - 294	28
4	Øyar	20	12	2	6	383 - 304	26
5	Kauseidvåg B	20	10	2	8	336 - 342	22
6	Hovdebygda B	20	10	1	9	363 - 341	21
7	Ørsta	20	8	1	11	344 - 375	17
8	Kauseidvåg C	20	8	0	12	378 - 350	16
9	Haram	20	6	0	14	332 - 401	12
10	Blindheim	20	3	1	16	244 - 462	7
11	Hovdebygda C	20	1	0	19	240 - 498	2

TRENAR: Bjarne Pettersen, Janny Krogset oppm.: Alf Eggesbø

Avdelingstabell pr. 26.03.90

SHK

Jenter 16

avdeling B

1	Volda	14	11	1	2	269 - 166	23
2	Bergsøy	14	11	1	2	233 - 167	23
3	Spjelkavik B	14	9	0	5	220 - 156	18
4	Hødd	14	8	0	6	196 - 192	16
5	Ørsta	14	7	0	7	214 - 244	14
6	Haram B	14	6	0	8	149 - 193	12
7	Sæbø	14	2	0	12	176 - 254	4
8	Ringan	14	1	0	13	123 - 208	2

TRENAR: Ronny Koteng oppm.: Bodil Notøy

SLUTTABELL G16 SESONGEN 1989-90.

1.	Stranda	16	16	0	0	553 - 218	32
2.	Spjelkavik	16	12	0	4	445 - 289	24
3.	Ørsta	16	5	2	9	315 - 387	12
4.	Volda	16	4	2	10	308 - 448	8
5.	Bergsøy	16	0	2	14	231 - 515	2

TRENAR: Otto Myklebust, Terje Kvalsund

Avdelingstabell pr. 26.03.90

SHK

Gutter 14

avdeling

1	Stranda	14	12	1	1	280 - 164	25
2	Ørsta	14	11	0	3	260 - 187	22
3	Volda	14	10	1	3	252 - 173	21
4	Langevåg	14	6	2	6	231 - 215	14
5	Haram	14	6	1	7	180 - 184	13
6	Spjelkavik	14	3	0	11	151 - 240	6
7	Rollon	14	3	0	11	180 - 271	6
8	Bergsøy	14	2	1	11	156 - 256	5

TRENAR: Otto Myklebust, Roald Johansen

Avdelingstabell pr. 26.03.90

SHK

Jenter 14

avdeling A

1	Stranda	16	14	1	1	227 - 116	29
2	Ørsta	16	11	0	5	231 - 134	22
3	Spjelkavik	16	11	0	5	161 - 122	22
4	Langevåg	16	10	0	6	170 - 114	20
5	Bergsøy	16	8	1	7	160 - 155	17
6	Mauseidvåg	16	8	1	7	133 - 156	17
7	Hødd	16	3	1	12	144 - 210	7
8	Rollon	16	2	2	12	126 - 211	6
9	Hovdebygda	16	2	0	14	121 - 255	4

TRENAR: Maria Nilsen

Avdelingstabell pr. 26.03.90

SHK

Jenter 14

avdeling B

1	Stranda B	16	15	0	1	232 - 107	30
2	Langevåg B	16	14	0	2	215 - 123	28
3	Ringan	16	11	0	5	210 - 132	22
4	Spjelkavik B	16	11	0	5	178 - 145	22
5	Haram	16	6	1	9	152 - 177	13
6	Bergsøy B	16	4	2	10	154 - 201	10
7	Volda	16	4	0	12	110 - 180	8
8	Sæbø	16	3	1	12	109 - 209	7
9	Valder	16	2	0	14	98 - 184	4

TRENAR: Ruth Frøystad, Mona Frøystadvåg

Avdelingstabell pr. 26.03.90

SHK

Jenter 12

avdeling A

1	Bergsøy	16	13	1	2	205 - 110	27
2	Spjelkavik	16	11	3	2	213 - 124	25
3	Ørsta	16	11	2	3	200 - 116	24
4	Fiskerstrand	16	12	0	4	180 - 109	24
5	Hovdebygda	16	7	0	9	114 - 185	14
6	Langevåg	16	6	1	9	126 - 140	13
7	Valder	16	3	1	12	112 - 153	7
8	Stranda	16	3	0	13	118 - 187	6
9	Haram	16	2	0	14	96 - 240	4

TRENAR: Siv Jensen, Eli Erdal

oppm.: Johs. Nørvåg

Jenter 12		avdeling C					
1	Skarbøyvik	16	16	0	0	264 - 82	32
2	Mauseidvåg	16	14	0	2	246 - 91	28
3	Sæbø B	16	9	1	6	123 - 131	19
4	Godøy	16	8	0	8	114 - 153	16
5	Herd	16	7	0	9	115 - 142	14
6	Volda	16	6	1	9	126 - 165	13
7	Blindheim B	16	5	0	11	109 - 173	10
8	Bergsøy B	16	4	0	12	97 - 153	8
9	Hødd	16	2	0	14	72 - 176	4

TRENAR: Eva Kristin Lid Hole, June Eggesbø

Avdelingstabell pr. 26.03.90		SHK					
Gutter 12		avdeling					
1	Ringnes	16	13	2	1	295 - 167	28
2	Haram	16	13	0	3	275 - 190	26
3	Volda	16	11	0	5	330 - 194	22
4	Spjelkavik	16	11	0	5	221 - 201	22
5	Stranda	16	7	1	8	250 - 226	15
6	Valder	16	7	1	8	231 - 264	15
7	Bergsøy	16	6	0	10	207 - 246	12
8	Ørsta	16	2	0	14	163 - 292	4
9	Rollon	16	0	0	16	94 - 286	0

TRENAR: John Håvard Vike, Solveig Grønbech

MINI HANDBALL

TRENAR: Gisela Selvåg, Ina Nørø, Eva Moe, Jarl Åge Vågsholm



HOVEDSPONSOR:



Konto nr.
3909.10.12360
3909.30.34116

HANDBALL- GRUPPA

6090 Fosnavåg

6090 FOSNAVÅG,

B U D S J E T T 1990/91

Inntekter:

Moteframsyning	kr. 50.000,-
Lynlotteri (7 stk.)	" 50.000,-
Kamparr. inkl. handb.dag og miniturnering	" 170.000,-
Bergsøy Cup 90	" 30.000,-
Sparebank Cup 90	" 30.000,-
Sommar Cup 90	" 30.000,-
Handballprogram	" 30.000,-
Lotteri - NHF og eige	" 63.000,-
Reisetilskot og treningsavgift	" 35.000,-
Sponsor	" 65.000,-
Hallreklame	" 40.000,-
Lossing	" 60.000,-
Andre innteker (kulturm./kont. osv.)	" 25.000,-
Totalt	kr. 678.000,-

Utgifter:

Moteframsyning	kr. 8.000,-
Lynlotteri og hovedlotteri	" 12.000,-
Kamparr. utan leige av lokale	" 30.000,-
Bergsøy Cup 90 u/leige av lokale	" 10.000,-
Sparebank Cup 90 u/ " "	" 15.000,-
Sommar Cup 90 u/ " "	" 20.000,-
Handballprogram	" 7.000,-
Leige lokale - hall/kulturhus	" 55.000,-
Sportsutstyr og medisin	" 35.000,-
Kontorrekvisita og porto	" 3.000,-
Telefon	" 10.000,-
Trenarutgift	" 170.000,-
Andre driftskostnader	" 40.000,-
Kretsavgifter og kurs	" 35.000,-
Dommarutgifter	" 35.000,-
Reiseutgifter	" 150.000,-
Annonser	" 3.000,-
Andre kostnader	" 10.000,-
Finanskostnader	" 4.000,-
Totalt	kr. 652.000,-

Resutlat 1990/91 (overskot)

kr. 26.000,-